

# Fotoutstilling med politisk undertone

**RADØY:** «Draumen om Europa» heiter fotoutstillinga som opnar på Radøy Kunstsenter i Bøvågen laurdag.



Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Rune Eraker er ein internasjonalt kjend fotograf som opererer i spenningsfeltet mellom kunst og politikk. Utstillinga «Draumen om Europa» tek føre seg korleis denne draumen påverkar unge menneske rundt i verda. Ikkje alle har like moglegheit for å få draumen sin oppfylt, og utstillinga kjem inn på tema som menneskerettar og yringsfridom.

Utstillinga vart laga på oppdrag frå Nobels fredssenter i Oslo, og ho vart første gong vist der. Ho har også vore vist i kunstforeiningar rundt i landet.

Utstillinga på Radøy Kunstsenter skal stå fram til 19. desember. Men deler av utstillinga vil og vera å sjå i biblioteka på Austrheim og i Meland. Utvandringsenteret på Sletta er også medarrangør.

Gjennom 70 store fotografi prøver Rune Eraker å visa korleis draumen om Europa påverkar unge menneske. Bilda kan også verka til at me tenkjer over tilhøvet mellom «dei» og «oss».



**FOTOKUNST:** Foto av den kjende fotografen Rune Eraker vert vist på Radøy Kunstsenter frå laurdag. Øvst: «Berberbryllup» under «Malin - klestilpassing».

## Travel innspurt på Seim

Av Hans E. Storheim  
hans.egi@strilen.no

Dei første kulturdagane i Seim har så langt vore ein stor suksess og ein inspirasjon både for arrangør og deltakarar, melder kontor Odd Leif Mjøs.

No ser arrangørane fram til at innspurten skal verta ein skikkeleg oppurt, med ei flott avslutning søndag.

Torsdag kveld inviterer Seim songkor til open øving og kor-kafé i Seim kyrkje. Koret og soknerådet håpar mange bygdefolk og andre nyttar høvet til å stikka innom og oppleva koret, og kanskje vil syngja litt med, på øvingskvelden. Dei vil og få med seg ein hyggeleg og sosial kafé?!

Laurdag er det knytt store forventningar til kyrkjekonserten med Søndre Bratland og Annbjørg Lien. Arrangørane for kulturdagane er stolte over å kunna presentera desse landskjente musikarane, av dei ypparste kunstnarane på sitt felt.



**GJESTAR:** Det store trekkplasteret utanfrå er Søndre Bratland og Annbjørg Lien.

Når Søndre syng, er det som rosemåla folketonar. Annbjørg spelar hardingfele så understrengane kling av av norsk natur, fossar og fjell, heiter det i ei pressemelding.

Billettar er i forsål i butikken på Seim og ved inngangen før konserten.

Søndag vert kulturdagane i Seim avslutta med konserten «Så

som i himmelen». Seim Musikklag, Seim Skulekor og artisten Tanita Kolås fyller kyrkja på Seim med velklang og vakre tonar.

Odd Leif Mjøs lovar eit flott konsertprogram som avslutning på kulturdagane. Etter konserten er det kyrkjekaffi. Arrangøren håpar at svært mange har lyst til å få med seg innspurten på kulturdagane.



## To utstillingar same dag

I dag (torsdag) vert det dobbel utstillingsopning på Vestnorsk utvandringsenter på Sletta. Utstillingane har fått namnet «Bak Stereotypien» og «Miner fra Migrasjon» og opnar på same tidspunkt.

Førstnemnde er kome i stand etter at born og unge vaksne med minoritetsbakgrunn har laga kortfilm, tatt bilde og musikk til temaet «Stereotypiar»: Korleis vert du oppfatta av andre, og korleis er

du egentleg? Utstillinga er tidlegare vist i rådhuset i Bergen og flytter no til Emigranthuset på Sletta, skriv Museumssenteret i Hordaland i ei pressemelding.

Den andre utstillinga vert plassert utandørs. Denne viser glimt frå dagleglivet i det fleirkulturelle Noreg, og prosjekt-leiar Christine Haugsten Ellefsen vil vera til stades på opninga for å fortelja om utstillinga.



Ver med på STRILEN si

## Juleavis

Strilen-lesarar med skrivelyst er velkomne til å senda inn bidrag til Strilen si juleavis. Det kan vera eit spesielt minne omkring jule-feiringa, eit dikt, eit foto med tekst eller tankekar ein ønskjer å dela med andre.

Har du spørsmål eller noko du vil diskutera med redaksjonen, ta kontakt med Hans Egil Storheim eller Ketil Tjore, tlf. 56 34 30 30, e-post: ketil@strilen.no.

**Frist for innsending:**

**8. desember**

Bidrag kan sendast til:

Strilen, Pb 3, 5902 Isdalstø

**Merka: Juleavisa**

**Strilen**  
3 fargerike aviser i veke